

Barna sine innspel til kvifor leik er viktig.

Årsplan for Harpefoss barnehage 2021-2022

Innhald

Presentasjon av barnehagen	2
Å byrje i barnehagen	2
Samarbeid mellom barnehagen og heimane.....	3
Innspel frå føresette til barnehagen	3
Innspel frå barnehagen til føresette	3
Satsingsområde – Sør-Fronsdiamenten.....	4
Samfunnsmandat og verdigrunnlag	5
Leik – og kvifor den er så viktig!	7
Barnehagen sitt innhald i praksis.....	8
Fagområda	9
Progresjon, dokumentasjon og vurdering.....	10
Overgang mellom avdelingar	11
Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule	11
Lov og rammeverk.....	12
Årshjul/viktige datoar	13
Telefonnummer	14



Presentasjon av barnehagen

Harpefoss barnehage er ein barnehage med tre avdelingar; Kvitberget Raudhaugen, og Blåbærjell. På Kvitberget skal det dette året vere barn fødd i 2016, på Raudhaugen er det barn fødd i 2017 og 2018 og på Blåbærjell er det barn fødd i 2019 og 2020.

Barnehagen har opningstid frå kl. 06.45 til kl. 16.30, og kjernetid frå 9.00 til 14.00. Kjernetid er den tida barnehagen brukar til leik og organiserte aktivitetar, og den tida vi ønskjer at alle barna skal vere i barnehagen. Om barna har fri eller er sjuke ber vi om at føresette ringer/sendar melding og gjev beskjed. Kvar avdeling har frukost frå kl. 7.45-8.30.

Satsingsområde – Sør-Fronsdiamanten. Dette kan de lese meir om på side 5.

Harpefoss barnehage skal vere ein trafikksikker barnehage. De kan lese meir om dette i eige heftet om trafikksikkerheit.

Å byrje i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet som begynner i barnehagen får ein god start:

- Ein god start skal tilpassast til kvart barn. Dette gjer vi saman med foreldre. Barnehagen skal vere fleksible og samarbeide med foreldra om kva som er best for barnet.
- Ein god start skal innehalde oppstartsamtale med pedagogisk leiar før barnet byrjar i barnehagen, samt ei oppfølgingssamtale etter at barnet har gått nokre veker i barnehagen. Barnehagepersonalet skal bidra til å skape ein god dialog med foreldra slik at vi blir kjende med barnet og deira behov.
- Ein god start betyr at barnehagen tilpassar rutiner slik at barnet får tid til å bli kjend og byrje å bygge relasjoner til både vaksne og andre barn.
- Ein god start betyr at barnehagen skal ha tett oppfølging slik at barnet føler tryggleik og tilhørighet.
- Ein god start betyr at barnet og foreldra få moglegheit til å besøkje barnehagen i løpet av sommaren, etter avtale med personalet.



Samarbeid mellom barnehagen og heimane

Barnehagen er avhengig av eit godt samarbeid med foreldra for å gjere

barnehagekvarldagen best mogleg for barna. Eit godt samarbeid mellom barnehagen og føresette også eit viktig grunnlag for eit inkluderande barnehagemiljø. Vi har obligatoriske foreldresamtaler haust og vår. I tillegg har vi oppstartssamtale for nye barn og overgangssamtale med føresette til skulestartere. Vi bruker informasjon frå både formelle og uformelle samtaler med føresette når vi planlegg innhaldet i barnehagen.

FAU (foreldreråd) er ein svært viktig samarbeidspartner. Alle føresette kan kome med innspel til FAU, slik at saker kan tas opp og vidareformidlast til barnehagen. Kvar avdeling har FAU-postkasse der de kan legge anonyme innspel.

Innspel frå føresette til barnehagen

I figuren ser de innspel frå føresette som har kome på foreldresamtaler våren 2021. Det kom fleire innspel og dei er samanfatta i sirkelen. Vi set stor pris på alle tilbakemeldinger som kjem og har som mål å samarbeide godt med føresette i alle aspekt som gjeld barnet og barnehagen.




Innspel frå barnehagen til føresette

- Gi beskjed til personalet i barnehagen viss det skjer noko utanom det vanlege i barnet sin kvardag. Det kan vere viktig for å forstå kvifor barnet reagerer/oppfører seg som det gjer.
- Tilsette og føresette er bevisst på korleis dei pratar og kva dei pratar om når barnet er tilstade.
- Gje tilbakemelding til personalet i barnehagen om ting som er bra og ting vi kan bli betre på.
- Set tydelege og fornuftige grenser for barnet. Barn treng grenser for å kjenne seg trygge.
- Delta på foreldremøter, foreldresamtaler, arrangement i barnehagen og les informasjon vi sender ut.



Satsingsområde – Sør-Fronsdiamenten

SØR-FONSDIAMANTEN



Når vi planlegg og gjennomfører pedagogisk opplegg i barnehagen skal Sør-Fonsdiamanten være grunnlaget for arbeidet, saman med barnehageloven og rammeplan for barnehagen. Diamanten vil vere utgangspunktet for korleis vi arbeider med formålet og verdigrunnlaget for barnehagen. Alle tilsette i barnehagen skal jobbe etter verdiane som ligg i diamanten og i barnehagen sitt formål og verdigrunnlag, jfr: Barnehageloven § 1. Gode tilsette som er bevisst sitt ånsvar skal vere hovudmålet for verksemda. Sør-Fonsdiamanten er felles for heile oppvekst og skal gå som ein raud tråd gjennom barnehage, barneskule og ungdomsskule.




Samfunnsmandat og verdigrunnlag

Barnehagen sitt formål eller samfunnsmandat (Barnehageloven § 1) seier at barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle seg ut frå eigne føresetnader, og ivareta alle barn sine behov for **omsorg, leik, læring** og **danning** i nært samarbeid med foreldra. Omgrepa heng tett saman og er grunnverdiar i norsk barnehagetradisjon. Danning kan vere eit vanskeleg omgrep, men det handlar om å lære å tenkje kritisk, yte motstand, bidra til endring og delta i eit fellesskap. Det handlar også om å utvikla evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Rammeplan for barnehagen beskriv i kapittel 1, med utgangspunkt i barnehageloven, verdigrunnlaget som skal komme til syne i alle barnehagar i Norge. Dette er:



I Harpefoss barnehage har vi jobba med å beskrive korleis barnehagelova, rammeplanen for barnehagar og Sør-Frons diamanten ser ut i praksis. Figuren under vart laga i denne prosessen, vi har kontinuerlig fokus på formål og verdigrunnlag, er heile tida i utvikling og skal reflektere over korleis vi er som tilsette i møte med barn og føresette.



Leik – og kvifor den er så viktig!

FN sine barnerettar handlar blant anna om barn sin rett til leik. Leik er kanskje den viktigaste uttrykksforma barn har.

Det er derfor ein stor del av vår jobb som tilsette i barnehagen og skape gode fysiske rom for leik, vite når vi skal delta og når vi skal observere aktivt, gje barna felles erfaringer, samt jobbe for eit inkluderande miljø der alle barn får moglegheit til å delta i leik.

For barna er det å få leike heilt grunnleggjande for deira oppleving av at livet er godt. Når leiken glir godt, summar det av trivsel her i barnehagen. Det betyr ikkje at barn som leiker nødvendigvis smiler og ler heile dagen. Når det leikes er det heller ein atmosfære av konsentrasjon, og vi ser at barna er oppslukt av det dei gjer. Dei er intenst til stades mens dei utforsker, skaper, forhandler og later som. Leik er ikkje søtt og harmlaust for eit barn. Leik er livsnødvendig alvor. Barn leiker nokre gonger for å få pause frå dei harde realitetar, andre gonger for å kjenne på dei, mjuke dei opp, handtere og forstå dei. Barnehagen har plikt til å opplyse om at foreldre og andre som har ansvar for å gje barn gode oppvekstvilkår må kjenne til samanhengen mellom psykisk helse og leik.

Ein sentral del av Sør-Frons diamanten, hjartet, seier at alle barn skal få vere seg sjølv. I leiken vil barna stadig tre ut av seg sjølv og inn i andre roller. På denne måten får barn moglegheit til å eksperimentere med å vere ein annan enn seg sjølv. Barn må forlate seg sjølv for å finne seg sjølv seier ein filosof som heiter Gadamer. Øksnes og Steinsholt (2005) samanliknar leik med ei reise utan fast bestemmelsesstad, som ei konkurranse utan regler eller ei handling utan manus. Barn i leik går sin eigen veg; dei skapar seg sjølve på ein kreativ måte. Gjennom leik utfordrar barn røynda og seier ja til uante moglegheiter. (Steinsholt 1998).


Pedagogisk leiar har ansvar for å drive arbeidet med leik og medverknad saman med styrar i tråd med fastsette mål og lovverk.

Barna sine kommentarer til kvifor leik er viktig kan du lese på framsida av planen.



Barnehagen sitt innhald i praksis

Rammeplan for barnehagen (2017) seier at barnehagen sitt innhald skal være allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegrupper. Hovudinnhaldet i barnehagen er omsorg, leik, læring, danning, vennskap og fellesskap og språk og kommunikasjon. Tilsette skal legge til rette for eit innhaldsrikt fysisk miljø som også støtter opp om innhaldet.



Omsorg i barnehagen kjem til syne på mange ulike måter. Tilsette som er merksame på barn sine behov er heilt sentralt. Dette legg grunnlaget for tryggleik og mestring. Barn skal få, men også øve på å gje omsorg til andre. Gode rollemodeller og erfaringer med å bli sett og lytta til er grunnleggjande for å utvikle omsorgskompetanse.

Leik skal ha ein svært viktig plass i barnehagen. Barna skal få inspirasjon til leik gjennom erfaring, fysisk miljø og støtte frå vaksne. Gjennom leiken får barn øvd seg på å være i relasjon til andre, kommunisere og delta i eit fellesskap. Tilsette skal både observere, delta og støtte leiken.

Tilsette i barnehagen skal legge til rette for læring i ulike situasjoner. Vi skal sørge for at barn møter vaksne som inspirerer og motiverer til å utforske. Det må være balanse mellom kjent og nytt slik at barna opplev mestring og det må vere prosesjon i det barna møter.



Danning handler om å lære seg å tenkje kritisk, vere ein del av eit fellesskap, men også stå opp for seg sjølv og ha tru på eigne meininger og på seg sjølv. Barn viser engasjement og deltaking i fellesskapet på ulike måtar og dette skal tilsette sjå og sette ord på.

Barn skal få oppleve å vere der av eit fellesskap prega av glede og humor. Barna skal få øve seg på å vere i relasjon med andre barn, oppleve positive samspel og løse konflikter. Tilsette skal støtte barna i dette og hjelpe barna til å sette ord på eigne opplevelinger.

Barnehagen skal verdsette alle kommunikasjonsuttrykk og språk. Tilsette i barnehagen skal vere bevisst på korleis dei kommuniserer både med barna og med andre tilsette, og skal vere gode språklege førebilete. Barna skal møte eit rikt språkmiljø i barnehagen.



Fagområda

Barnehagen har sju fagområder som skal vere gjennomgåande del av innhaldet. Fagområda blir stort sett alltid jobba med tverrfagleg. Det vil seie at i ein aktivitet i barnehagen er det fokus på fleire fagområder samtidig.

Fagområda er:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Natur, miljø og teknologi

Mengd, rom og form

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn



Kunst, kultur, kreativitet + nærmiljø og samfunn + kommunikasjon, språk og tekst.

Kunstmåling ved elva

Kropp, rørsle, mat og helse + natur, miljø og teknologi + mengd, rom og form + kommunikasjon, språk og tekst.

Anlegge kjøkkenhage

Etikk, religion og filosofi + kommunikasjon, språk og tekst + nærmiljø og samfunn.

Korleis var det i gamledager?



Progresjon, dokumentasjon og vurdering

Pedagogisk leiar skal i samarbeid med fagarbeidere og pedagogisk medarbeidere sørge for progresjon ved å introdusere nye perspektiv og tilrettelegge for nye opplevingar og erfaringer for barna. Barn må få moglegheit til å utvikle seg, lære og oppleve variasjon. Barna skal få oppleve bruk av ulikt materiell og kjenne glede og mestring over å vere i ein prosess. Tilsette skal øve på å ha prosessen i fokus slik at den blir målet i seg sjølv og ikkje nødvendigvis eit sluttprodukt som barnet får med heim. Å være i ein prosess i lag med andre er også av stor betydning. Samarbeide om noko. Kankje jobber vi med noko som forsvinn av seg sjølv etter ei stund. For eksempel måling med vatn på murvegg eller forming med naturmaterialer ute. Avdelingane må samarbeide slik at dei har oversikt over kva barnet har opplevd og erfart og på den måten kan byggje vidare på dette ettersom barnet byter avdeling.



Barnehagen skal dokumentere verksemda på ulike måtar. Dei vanlegaste måtane å dokumentere på er gjennom tekst og bilete, men her er det berre fantasien som set grenser. Dokumentasjonen bør dreie seg mindre om enkeltbarn og meir om barn saman og kva dei er opptekne av. Kvar er barna sitt fokus? Kva er vi saman om? Dette handlar også om inkludering. Dokumentasjon kan vere utgangspunkt for refleksjon og evaluering blant personalet. Den kan synleggjere for føresette korleis vi jobbar i barnehagen og den kan vere utgangspunkt for samtale mellom barn og mellom barn og vaksne. For å ivareta barn sin medverknad bør dokumentasjonane synleggjere barn sin tenkning. Kva er barna si overskrift?

Harpefoss barnehage jobber med kompetanseheving i samarbeid med Ringebu kommune, Nord-Fron kommune og Høgskolen i Innlandet. Vi skal utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd og heile personalgruppa skal vere involvert. Det vil seie at vi skal finne fram til områder/tema vi ønskjer å bli betre på og jobbe med dette over tid. Vi er nå i gang med utviklingsarbeid om foreldresamarbeid med fokus på mangfold. Gjennom denne prosessen driv vi jevnleg vurdering av egen praksis og reflekterer over denne.



Overgang mellom avdelingar

Det er viktig å legge til rette for gode overganger mellom avdelingane. Sjølv om barnet er kjend i barnehagen kan det kjennes spennande og kanskje utfordrande for eit barn å bytte avdeling. Difor er det nokre punkt vi er opptekne av å ta omsyn til:

- Barna er på jevnleg besøk på ny avdeling før overgang, saman med ein kjend voksen.
- Dei tilsette må bruke tid på å bli kjend med barna dei skal ha på si avdeling.
- Personalet må gjere seg kjende med nye føresette.
- Jevnleg samarbeid gjennom året slik at barna veit kven alle vaksne og barn er. Eksempel på slik samarbeid kan vere leikegrupper, fellessamling, fellestur osv.

Samarbeid og overgang mellom barnehage og skule

Barnehage og skule er institusjonar for omsorg, leik og læring, men med ulik eigenart. Vi har eit felles ansvar for at barn kan møte ulikskapane mellom institusjonane med nysgjerrigkeit.

Det siste året i barnehagen har vi faddersamarbeid med 4.klasse. 4.klassingane skal bidra til at barna blir kjende med skulen og at alle kjenner nokon på skulen når dei byrjar der. Det vil bli arrangert fleire treff mellom barnehagebarna og 4.klassingane med ulike aktivitetar både i barnehagen og på Harpefoss skule. Føresette vil få meir informasjon om innhald og datoar for samarbeidet i desember 2021. På våren 2022 skriv vi overgangsskjema i samarbeid med føresette og barna. Barna kan få samtale med pedagogisk leiar der dei kan dele tankane sine rundt skulestarten.

Vi ynskjer at barna skal få ein best mogleg overgang frå barnehagen til skulen og noko av det vi gjer er:

- Førskulegruppe der ein jobbar med ulike tema og aktivteter. Det blir fokus på sjølvstende, språk og sosial kompetanse.
- Vanntilvenning på Fron badeland.
- Jevnlege faddertreff, både i barnehagen og på skulen.
- Innskrivingsfest, føresette er med på dette.
- Foreldremøte for 1.klasseforeldra/føresette på våren.
- Fokus på korleis ein kan vere ein god ven, ulikskapar og at alle er verdifulle.



Lov og rammeverk

Barnehagelova regulerer alle barnehagar i Noreg og er det viktigaste styringsdokumentet vi har. Lova skal sikre barn i barnehage eit likeverdig tilbod av god kvalitet og med tilpassa opplæring. Den set mål barnehagen skal arbeide med i kvardagen. Nytt i lova frå 1.1.2021 er at barnehagar i Noreg no har fått aktivtetsplikt som skal sikre alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle tilsette har ansvar for dette og skal melde frå til styrar om dei får kjennskap til, eller mistanke om at barn opplev krenking og mobbing i barnehagen. Det skal lagast skriftleg plan med tiltak der dette blir vurdert som naudsynt og føresette skal involverast raskt.

Rammeplan for barnehagen (2017) har status som forskrift til barnehagelova og er forpliktande for oss som arbeider i barnehage. Den gjev informasjon til føresette om kva de kan forvente av barnehagetilbodet og skal vere eit reiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering for ansatte.



Alle som arbeider i Harpefoss barnehage har teieplikt etter paragraf 20 i Barnehagelova og paragraf 13-13f i Forvaltningslova. Teieplikta inneber at ingen andre enn dei det gjeld har kjennskap eller tilgang til nokon sine personlege forhold. Med dette menes blant anna opplysningar om fysisk og psykisk helse, familie- og heime situasjon, bo-forhold, økonomi eller klientforhold til det offentlege.

Tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barneverntenesta. Tilsette i barnehage skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, samt vite korleis ein kan oppdage dette. I §22 i barnehagelova står det om opplysningsplikt: *Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksam på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten.*



Årshjul/viktige datoar

August: Planleggingsdag – 12. og 13. Oppfølgingssamtaler med nye barn etter nokre veker.	September: Nasjonaldagen til Brasil tysdag 7. Foreldremøte: torsdag 23. Brannvernveke i veke 38 Fellessamling mandag 20. (Raudhaugen ansvar).
Oktober: Foreldresamtaler. Trafikkveke i veke 42 Fellesamling mandag 18. (Kvitberget ansvar).	November: Foreldresamtaler. Fellesamling tysdag 16. (Blåbærjfjell ansvar). Hjartevenndag fredag 19. Nasjonaldagen til Libanon mandag 22. Planleggingsdag fredag 26. Felles adventssamling mandag 29. (Raudhaugen ansvar).
Desember: Felles adventssamlingar 6., 13. og 20. (Blåbærjfjell, Kvitberget, Raudhaugen). Luciatog mandag 13. ved barn på Kvitberget. Nisselfest torsdag 16. (Blåbærjfjell ansvar for samling). Julebord på kvar avdeling. Juletrefest (arrangør FAU). Besök av menighetspedagog – dato kjem.	Januar: Planleggingsdag mandag 3. Karneval torsdag 20. (Raudhaugen ansvar for samling).
Februar: Samefolkets dag fredag 4. (Kvitberget ansvar). Solfest og snøleikdag torsdag 17. (Blåbærjfjell ansvar). Nasjonaldagen til Litauen – 16. (Kvitberget ansvar)	Mars: Barnesamtaler. Barnehagedagen 15. Fellesamling fredag 25. (Raudhaugen). Besök av menighetspedagog.
April: Påskefrukost torsdag 7. Barnesamtaler. Foreldresamtaler. Fellesamling Måndag 12. (Blåbærjfjell ansvar) Nasjonaldagen til Syria 17. (Raudhaugen ansvar)	Mai: Vi førebur oss til 17. mai. Markering fredag 13. mai Foreldresamtaler/overgangssamtaler. Planleggingsdag måndag 16. Nasjonaldagen til Eritrea 24. (Blåbærjfjell ansvar)
Juni: Foreldremøte for nye foreldre. Besøksdag. Sommarfest – dato kjem. Fellesamling tysdag 14. juni. (Kvitberget ansvar).	Juli: Sommerbarnehage i Harpefoss barnehage.

Planleggingsdagane dette året er torsdag 12. og fredag 13. august 2021, fredag 26. november 2021, mandag 3. januar 2022 og mandag 16. mai 2022 (jobbes inn).



Telefonnummer

Harpefoss Barnehage: 61 29 93 45

BLÅBÆRFJELL: 95 48 05 80

RAUDHAUGEN: 95 47 79 87

KVITBERGET: 95 48 04 26

STYRAR: 48 12 48 85



Årsplan godkjent av SU 29.10.21

